

Årsmøte Volda Rideklubb 08.02.05

Stad: Høgskulen i Volda, Strøm-huset

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjent

Sak 2: Val av møteleiar og referent Møteleiar: Nina
Sporstøl Referent: Liv Jorunn Nyhagen

Sak 3: Godkjenning av årsmelding og rekneskap

Årsmelding: Godkjent, men bør føre opp kor mange medlemsmøter vi har hatt.

Rekneskap: Godkjent av lærar på Volda Vidaregåande.

Sak 4: Nytt frå NRYF / kontingent 2005

I NRYF sine nye reglar går det ikkje lenger an å ha støttemedlemmar og andre medlemmar som ikkje får "Hestesport". Alle registrerte medlemmar må vere hovudmedlemmar.

Kontingentane for 2005 blir som følgjer:

Hovudmedlem: 200,-

Familiemedlem: 300,-

Enkel baneleige: 250,-

Familiebaneleige: 350,-

Forrytter- baneleige: 100,- (dette gjeld dei som har tilgong på hest kun 1-2 gongar i veka, ikkje halvfor)

Sak 5: Midlar vi har søkt på

Kommuna: midlar til å utdanne 2 personar innan handicap riding

Tussa: Midlar til å sette opp lyktestolpar på ridebana

Sparebanken: Søknad om gåvemidlar

Vi har fått tilbud frå idrettsrådet i fylket om å drive med riding for handicappa, der kan det vere ein del pengar å hente til utstyr etc.

Klubben fekk 6 272,- frå Volda Idrettsråd / aktivitetsmidlar i 2004.

Sak 6: Opplegg for skuleklasse

48 elevar over 2-3 dagar hausten 2005. På grunn av lite midlar til å reise på klassetur, prøver lærarane å tenkje kreativt når det gjeld å aktivisere elevane. Klubben har fått forspurnad om å ta med desse elevane i stallen, der kan dei

stelle litt, møkke, pusse saltøy og kanskje ri litt. Eventuelt også andre aktiviteter i tilknytning til hest. Muligens ei samling på ridebana siste dagen. Klubben må få betalt for dette, og ein del av pengane vil gå til dei som stiller opp med hestar og stallar. 1 veke er fristen for tilbakemelding til Nina, dersom ein ynskjer at klubben skal ta på seg dette oppdraget.

Sak 7: Vedtekter / antal styremedlemmar

Forslag frå Annika:

val av valnemd

oddetal i styret (5hovudmedlemmar + vara)

skifte kun 2 styremedlemmar kvart år, dette for å få overlapping.

Alle stemte for dette forslaget.

Sak 8: Val

Nytt styre: Silje Skuset og Christine Rørvik gjekk ut av styret. Inn kom Stine Risahagen og Annika Brandal. Vara vart Reidun Heltne. Liv Jorunn Nyhagen, Nina Sporstøl og Ingvild R.Hansen fortsette i eit år til.

Ingen hadde innvendingar mot dette, og styret konstituerer seg sjølv på fyrste møte.

Juniorgruppa:

Janita Sporstøl

Maren Løken

Aktivitetsgruppa:

Annika Brandal

Liv Jorunn Nyhagen

Ingvild R.Hansen

Banegruppa:

Per Ove Mundal

Liv Jorunn Nyhagen

Annika Brandal

Nina Sporstøl

Avis-/ webgruppa

Annika Brandal

Liv Jorunn Nyhagen

Tiril Ramsdal

Ingvild R.Hansen

Dersom fleire kan tenke seg å hjelpe til i dei ulike gruppene, er det berre å ta kontakt!!

Sak 9: Eventuelt:

Annika viste fram utkastet til den nye heimesida til rideklubben

Loddsal m /trekning av gåvekort og te-sett. Det vart solgt 20 gule og 80 grøne lodd til en pris av 5,- pr.stk Dei heldige vinnarane vart: Britt Karin Bjørke (gåvekort verdi 400,-)

og Reidun Heltne (te-sett).
Utdeling av ny klubbavis
Liv Jorunn Nyhagen fekk premie for mest dugnadsarbeid på
ridebana i 2004, gratis baneleige for 2005.
Informasjon om opninga av "Friluftslivets år" på Reset, der
klubben hadde barneriding.

Dei som møtte:

Maria Elin Hustadnes, Mathilde Orlien, Lyngve Nyhagen,
Ingvild R.Hansen, Isabell Møllenes, Marie Halkjelsvik, Emma
Halkjelsvik, Ida Ørstavik, Tiril Ramsdal, Hilde Kalland, Lena
Mari Heltne, Stine Risahagen, Ann Kristin Sandvik, Reidun
Heltne, Gard Nilsson, Susanne Marie Holmgren, Ingrid Festø,
Janita Sporstøl, Annika Brandal, Christine Rørvik, Nina
Sporstøl, Liv Jorunn Nyhagen, Britt Karin Bjørke, Silje Skuset,
Mari S. Hagen.